

SAMMEN
OM



Miljøloftet

NOTAT

Til: Prioriteringsrådet
Fra: Vlfk, Avdelingsdirektør Infrastruktur og veg
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 08.04.2022

Bypakke Bergen – Saker om finansiering knytt til bompengefinansierte tiltak.

Det Kongelege Samferdsledepartement har i brev datert 16 mars 2022 skrevet om rollefordeling og ansvar i bompengesektoren. I brevet står det mellom anna:

«Ut frå bompengeselskapet si eigenart som aksjeselskap, bilaterale avtaler og hensikta med bompengereforma, er det bompengeselskapet sitt ansvar å følgje opp inntektssida og takstane i det enkelte bompengeprojekt/bypakke.

Bompengar i byområda har i tillegg til finansiering også trafikkregulering som formål. I bypakkar har takstfasting - og dermed inntektsgrunnlaget - direkte samanheng med kor mye bompengeselskapet kan tillate rekvirert til ulike tiltak og prosjekt, i tillegg til at selskapet skal betene løypande forplikting knytt til lån.

Bypakkane styrast gjennom porteføljestyring og justeringar/endingar av takstar må skje innanfor rammene gitt i proposisjonen og gjeldande takstetningslinjer, eventuelt må det leggjast fram ein ny sak for Stortinget. Bompengeselskapet vil uansett ha styring på sin økonomi ved at det ikkje kan tillate rekvireringar og låneforpliktingar utover det inntektsstraumar tillèt.».

Styringsgruppa Miljøloftet handsama sakane 20/22 og 21/22 der vedtaket vart endra styringsramme for tiltaka Bybanen IV og planlegging Bybanen Bergen sentrum til Åsane. Tiltaka finansierast med bompengar.

Vestland fylkeskommune har 3 månadars varslingsfrist til Ferde for endring av uttak bompengar. Med høg aktivitet i slutten av 2021 vart det ikkje mogeleg å oppretthalde varslingsfrista til Ferde. Som følgje av dette var det ikkje mogeleg å hente ut hele finansieringsbehovet på bompengane i 2021. Varsla uttak i 2022 på bompengar er knytt til aktivitet i 2022 og aktivitet frå 2021. Med bakgrunn i vedtak vil finansieringsbehovet for prosjekta ha følgjande tentativt behov for uttak av bompengar (dersom det ikkje vert endingar i signalisert projektkostnad det enkelte år). Tabellen under syner det tentative finansielle behovet det enkelte år og gjenspeiler ikkje budsjetta.

Navn	Årstal		
	2022	2023	2024
	Beløp (heile kr)	Beløp (heile kr)	Beløp (heile kr)
Bypakke Bergen	1 010 749 475,-	175 059 000,-	0

Vestland fylkeskommune har sendt Ferde oversikt over tentativt venta uttak av bompengar for åra 2022 og 2023 med bakgrunn i signaliserte prosjektkostnader for tiltaka, Bybanen IV, Planlegging Bybanen til Åsane, Hjeltestadvegen og bygging av nye bomsnitt (restfinansiering).

Det har vore stilt spørsmål om likviditet i Bypakke Bergen. Som omtalt over har departementet slått fast at det formelt er Ferde sitt ansvar å syte for å ha styr på økonomien med omsyn til rekvirering og låneforpliktingar.

Ferde har stadfesta overfor fylkeskommunen at selskapet kan betene tilsendt plan innanfor lånekapasitet/garanti. (sjå tabell over). Under føresetnadene kring inntektsvekst (null prosent) og observasjonar i dagens rentebilde har Ferde estimert at lånet kan verte nedbetalt i løpet av 2029.

Dette inneber at dei tiltaka som pr i dag er vedteke med bompengefinansiering (Bybanen IV, Planlegging bybanen til Åsane, Hjeltestadvegen og bygging av nye bomsnitt) ligg innafør dagens vedteke St prop med omsyn til finansiering og betjening av lån.